



Tore Gunnar Bratsberg  
Holmsvegen 155  
3690 Hjartdal

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2022/6027 - 432.2

Dato 30.06.2022

## Vedtaksbrev

Verneområdestyret handsama saka i møtet 29.06.22.

### **Vurdering:**

Hytta ligg i brukssona. Forvaltningsplanen seier ikkje noko direkte om bygningar kva gjeld forvaltningsmål for brukssona. Det er difor planens generelle bestemningar som er førande i denne saka.

Ein må vera trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. I høve til forvaltningsplan er maksimal storleik på hytte BYA 65 m<sup>2</sup>, mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m<sup>2</sup> – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m<sup>2</sup>.

I denne saka søkjast det om ombygging og eit tilbygg på 30 m<sup>2</sup> på eksisterande hytte på Aslebekk gnr. 2 bnr. 2 fnr. 1 i Hjartdal kommune.

Søklar opplyser at hytta ber preg av lite vedlikehald med råteskader i golv og ytterkledning, sprekt pipe og lite isolering. Det er difor ynskjeleg å utbetre hytta slik at den får ein betre standard.

Planen er å fjerne det gamle inngangspartiet og flytte inngang til langsida. Hytta vil ha same lengde som før, med unntak av inngangsparti, men det er ynskjeleg å bygge ut ein veranda i gavl mot nord. Dagens hytte er 4,5 meter brei, og planen er utvide breidda med 1,5 til 6 m. Eit inngangsparti og vaskerom vil kome i tillegg til dette som eit tilbygg på langsida.

Hytta har i dag 36 m<sup>2</sup> BYA samt eit uthus på ca. 12-15 m<sup>2</sup> BYA. Det utgjer totalt BYA 50 m<sup>2</sup>.

I høve til søknaden, er planlagt tilbygg på hytta på 30 m<sup>2</sup> BYA. Totalt BYA på eigedomen *etter* tilbygg vil vere 80 m<sup>2</sup>. Dette er nøyaktig det som er tillate som maksgrense for BYA i forvaltningsplanens retningslinjer. Hytta vil ha BYA 66 m<sup>2</sup>, og uthuset er på ca. 14 m<sup>2</sup> BYA.

Teikningane til søknaden syner eit tilbygg med tradisjonelt preg som vil passe godt til eksisterande hytte. Utsjånadmessig ser det greitt ut på teikningane, og tilbygget ser ut til å passe godt inn slik det er



tenkt plassert. Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil påverke landskapet i nokon negativ grad eller føre til auka ferdsle. Forvaltar oppfatar tiltaket som greitt og innanfor i høve til verneforskrift og forvaltingsplanens retningslinjer.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Ein vil sjølvstøtt få litt meir støy på staden i samband med byggearbeid, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Tore Gunnar Bratsberg løyve til ombygging og oppføring av tilbygg på BYA 30 m<sup>2</sup> på hytta ved Aslebekk, gnr. 2 bnr. 2 fnr. 1 i Hjartdal kommune.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye tilbygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til naturverdiar i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Tore Gunnar Bratsberg.

Handsaming i verneområdestyret:

Det ble ikkje fremma endringar.

**Samrøystes vedtak i verneområdestyret:**

**Verneområdestyret gjev Tore Gunnar Bratsberg løyve til ombygging og oppføring av tilbygg på BYA 30 m<sup>2</sup> på hytta ved Aslebekk, gnr. 2 bnr. 2 fnr. 1 i Hjartdal kommune.**

**Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.**

**Det vert sett følgjande vilkår:**

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.**
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye tilbygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.**
- Det skal takast omsyn til naturverdiar i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.**

**Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.**



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernområde**

---

Vedtaket vert sendt Tore Gunnar Bratsberg.

Med helsing

---

Kristian Kvaalen Herregården  
seniorrådgiver

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.